

miljøpartiet dei grøne

lindås



BLI MED Å FARGE NORGE GRØNT

VALGPROGRAM
KOMMUNEVALGET
2015

miljøpartiet
dei grøne
lindås

Lær mer om
Miljøpartiet Dei Grøne på
www.mdg.no

MÅLSETTING

Miljøpartiet Dei Grøne har som mål eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal underordnast sunne økologiske prinsipp og fremja fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.

Vi tek mål av oss til å utforme ein heilskapeleg politikk for notid og framtid, basert på grøne verdiar, slik som omsynet til andre menneske, til framtidige generasjonar og omsynet til dyr og natur.

Me ynskjer å ta vare på mangfaldet i naturen, me set pris på mangfaldet blandt oss menneske og me ynskjer eit mangfaldig næringsliv og kulturliv.

MDG ynskjer å ha fokus på miljøvern og bærekraftige løysingar i heile den kommunale politikken.

NATUR OG MILJØ

Naturen har sin eigen verdi, og det er eit mål å bevare mest mogeleg urørt natur for framtidige generasjonar. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- ha ei tydeleg kartlegging av biologisk mangfald, og vern av områder med trua artar.
- auka strandsonevernet i Lindås.
- fjerne plantar på kommunal eigendom som er skadeleg for humler og bier, og i staden plante humle- og bievenlege plantar.
- gje økonomisk stimulans til birøktarar etter mønster av tøybleie-tilskotet til NGIR.

DYRELIVET

Norsk lov stadfestar dyr sin eigenverdi. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- ha ein meir skånsam og bærekraftig oppdrettsnæring gjennom lukka eller landbaserte anlegg. Det er uakseptabelt at oppdrettsanlegg øydelegg miljøet i havet og skadar villfisk.
- ha ei meir aktivt dyrevernemnd som fører tilsyn med velferda til husdyr og kjæledyr.

LANDBRUK

All landbruk må produsere trygg mat med minst mogeleg belastning på natur, klima og ressursar. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- fremja økologisk og lokalprodusert mat, gardsutsal og etablering av Bondens marknad i Knarvik.
- arbeide for å auke nydyrking og utviding av matareal.
- stimulere til vekst av gardsturisme og mat- og naturopplevingar.
- motivere flere til å bruke jorda aktivt til sjølvhushald og smådyrhald.
- etablere kommunale parsellhagar

DEMOKRATI

I eit levande folkestyre skal alle kunne påverke samfunnsutviklinga. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- ha større openheit i politiske prosessar.
- bruke opne offentlege prosessar som gjev inspirasjon til deltaking og drøftingar.
- ha tilbod om demokratiopplæring for ungdom.
- at det blir halde ei rådgjevande folkeavrøysting for eventuell kommunesamanslåing og ved andre planar som kan gje store framtidige omveltingar.

GRØN NÆRING

Grøn økonomi er et verkemiddel for å fremme bærekraftig utvekling . Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- at det må verta lettare å etablere og drive mindre foretak.
- at våre bedrifter må vise samfunnsansvar ved å produsere varer og tenester på ein etisk forsvarleg og bærekraftig måte.
- oppretta eit fond for etablering av eit senter for entreprenørskap, og utvikling av nye arbeidsplassar for å motverke negative konsekvensar av krisa i oljebransjen.

*“Valget bør ikke stå mellom rødt eller blått,
men istedet mellom grønt eller grått!”*

Jon Torstein Bakken, Eikangervåg
1.kandidat for MDG i Lindås

HELSE OG OMSORG

Eit trygt og inkluderande samfunn, bygd på respekt og toleranse er viktig for god helse. Alle skal ha rett til et godt liv med dei tenester det er behov for, uavhengig av sosiale lag, alder, heimstad og kulturell bakgrunn. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- utvida avlastingstilbod til heimebuande med særskilte behov.
- gje gode og tilpassa tenester i alle livets fasar.
- styrke tilrettelagte arbeidsplassar og dagsentertenester for personar med særskilte behov.
- ha utvida omsorgsteknologi som eit supplement til omsorg, nærhet og aktivitet.
- sikre rett til ferietilbod til sårbar gruppe for barn og unge.
- starte planarbeid for etablering av ein demenslandsby.
- vere proaktive i å kjempe mot fattigdom, særleg med tanke på ein potensiell auke i arbeidsløysa.

BARNEHAGE OG SKULE

Barn og unge er framtida for kommunen vår. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- vedta strakstiltak for å sikra trygg skoleveg med gang- og sykkelstiar og sikre at dette er på plass før nye skular vert tatt i bruk.
- sikre at inneklima i skular og barnehagar ikkje påfører born, unge og tilsette unødige helseproblem.
- kartlegge og etablere planar for vedlikehald inne og ute i skular og barnehagar.
- styrke inkludering av nye born på skulen – vi vil ha null-toleranse mot ekskludering.
- arbeide for at alle barnehagar og skular innfører miljøsertifiseringa Grønt Flagg.
- etablere ei ordning slik at overskotsmat frå mat-butikkene kan gå til gratis mat til skulane.
- jobbe for ein fornuftig skulestruktur inn mot ein framtidig storkommune.

“Å skape tilhøyrighet og et inkluderende lokalsamfunn er også mitt og ditt ansvar!”

Anita Bakken, Ostereidet
2.kandidat for MDG i Lindås

KULTUR OG IDRETT

Lindås kommune skal ha et rikt kulturliv med gode tilbod til alle deler av innbyggjarane. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- stimulere til at lokale kunstnarar kan etablere seg, vidareutvikla seg og verta ein viktig ressurs for kommunen og samfunnet elles.
- gje mogelegheit for galleri- og andre utstillingar, og sal frå bodar i samband med Bondens marknad
- ta vare på gamle lokale handverktradisjonar
- at kulturskolen kan gje born mogelegheit for vidare utvikling og vekst til overkommelege prisar.
- motivera barn og unge til meir fysisk aktivitet – vi vil etablere naturleikeplassar.
- greie ut moglege former for honorering av frivillige innan aktivitetar for barn og unge.
- stimulere for nye idretts- og kulturaktivitetar som ikkje har tilbod i kommunen, særleg lægterskeltilbod.

Husk at du kan forhåndsstemme allerede fra 10.august!

INNVANDRING

Lindås kommune må fortsetja med det høge talet frå 2015 med busetjing av flyktningar i perioden 2016 – 2020. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- at fleire bustadar bør øyremerkast til flyktningar.
- starte arbeidet med å byggja bustader ved hjelp av Husbanken sine tilskotsordningar
- gje opplæring på nynorsk på Introduksjonssenteret
- arbeide for å kvalitetssikre integreringsprosessen
- styrke arbeidet med å redusera arbeidsløysa, kvalifisera og oppmoda til etablering av eigne arbeidsplassar.
- gje opplæring og kompetanse for å møte dei behova offentlege og privat næring etterspør.
- greie ut moglege økonomiske initiativ for personar som husar innvandraranar i private heimar.
- styrke den kommunale inkluderingskompetansen.

SAMFERDSEL OG SAMFUNNSUTVIKLING

Bygder og tettstader må planleggast og organiserast slik at dei blir ein del av løysinga på miljøutfordringa. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- at ny bustadbygging må i hovudsak skje som fortetting i eksisterande tettstader og med gode kollektivtilbod.

Grøn samferdsel handlar om å tilrettelegga og prioritere annleis. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- arbeide for at båt og buss kan bli attraktive reisetilbod for alle.
- arbeide for lågare priser på kollektivtransport.
- etablere fleire parkeringsplassar ved transportknutepunkt.
- at kommunen må investere i bilar med best tilgjengeleg miljøteknologi.
- etablere fleire ladestasjonar for el-bilar.
- byggja ut eit nettverk av gang- og sykkelveggar
- stille krav om sykkelparkering under tak ved større nybygg og nær offentlege transportknutepunkt.

KOMMUNAL DRIFT

All omstilling til eit meir berekraftig samfunn må byrja i kommunen. Miljøpartiet Dei Grøne vil derfor:

- at klima- og energiplanen må leggast til grunn for all vidare planlegging.
- at kommunen må kartleggje tomme bygg til bruk for bustader, næring eller andre formål.
- at alle kommunale bygg må verte miljøsertifiserte innan 2020.
- at inneklima må kartleggast og prioriterast ved avdekking av behov for oppgradering.
- at planer for vedlikehald må etableras og gjennomførast.
- at alle planer i kommunal tenesteyting skal ha framtidretta løysingar.
- stille krav om lærlingeplassar hos bedrifter som leverer offentlege anbod
- at kommunale anbod- og innkjøpsprosessar må legge vekt på produksjons-tilhøve, bærekraft og miljøkrav i tillegg til økonomi.
- at ei ny stilling som miljøkoordinator må opprettast.

Miljøpartiet Dei Grøne ønskjer at Lindås kommune skal vere ein kommune som legg til rette for livskvalitet meir enn forbruk, eit mangfaldig samfunn der folk har betre tid til kvarandre, og et miljø der trivsel, rettferd, natur og helse står i sentrum.

Vi går til val på eit politisk program som peikar ut ei økologisk, framtidretta og berekraftig utvikling for Lindås kommune.

Godt val – stem grønt!